

## Til arrangørar og lokallag

I 2017 skal Ingebjørg Lognvik Reinholdt & Mala Fama ut på turnè med suksessforestillinga "Guro Heddelid- ei femme fatale frå den gong då". Me er nå på utkikk etter festivalar, kulturhus og andre arrangement som kunne vore interessert i å ha denne unike forestillinga som ein del av sitt program.

### Kort om forestillinga:

"Guro Heddelid- ei femme fatale frå den gong då" er ein folkemusikal som kombinerer teater, moderne grafiske element og tradisjonsrik folkemusikk med ein av dei mest dramatiske tekstane frå Telemark - alt i ei storslått pakke. Grunnlaget for forestillinga er Jørund Telnes sin diktsyklus om livet til fagre Guro frå den gjeve Heddelidgarden i Seljord, og som har levd på folkemunne sidan den gong. Me fylgjer historia til den sagnomsuste, mystiske og ville Guro Heddelid medan tonar, ord og dramatiseringar glir over i kvarandre. Muskarane frå Mala Fama er både karakterar og spelemenn, medan eit spennande visuelt bakteppe sett stemninga for hovedpersonen sjølv: Guro – spelt og sunge av den erfarne folkemusikaren frå Seljord, Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

*Dette er historia til Guro – ei dame med ei sjeldan tiltrekningskraft som flørtande lokka fram gutar frå nær og fjern, men som aldri klarte å bestemme seg.*

*Det er historien til friarane, som kjempa seg blodige og vitlause for å vinne hjartet hennar.*

*Og det er historia om ei tid. Ei tid som nådelaust let draumer bli til skuggar og som ikkje tilgjev unge hjarte som vel feil. Samstundes er det også ei historie som dei fleste kan kjenne seg igjen i - om han eller ho som glapp, men som du aldri aldri gløymer.*

Her er ein smakebit:

<https://www.youtube.com/watch?v=DvTHOrNob9k>

Forestillinga hadde urpremiere på Riksscena våren 2016 og er eit samarbeid mellom Ingebjørg, Mala Fama og Riksscena for folkemusikk. Riksscenas direktør Helge Skansen beskriv forestillinga slik: «Riksscenen prioriterer høyt å utvikle sceniske folkemusikkforestillingar som setter tradisjonsstoffet, fortellertradisjonar inklusive, inn i en moderne scenisk ramme. Ingebjørg Lognvik Reinholdt og hennes særdeles dyktige musikere har med forestillingen Guro Heddeli levert et sterkt bidrag til denne utviklingen. En gjennomarbeidet og flott forestilling som jeg absolutt kan anbefale andre arrangører å sette opp.»

Konserten som la grunnlaget for denne dramatiseringa er også kjend og fekk blant anna denne omtala då den var på besøk i Guro's heimstad: ”Med vakker song og stemningsfullt spel lokka Ingebjørg Lognvik Reinholdt og Mala Fama publikum med på ei reise til mellomalderen og Guro Heddelid sitt rike.(...)Klokkeklar song, stemningsfullt spel av trio'en og sogeforteljing batt saman livssoga til Guro på ein ypparleg måte”.

Som eit av dei få sogene som sjåast utelukkande frå eit kvinneperspektiv er den ikkje bare med på å skildre ei særskild tid i Norge, men også med på å sette fokus på kvinnene si plass i historia, i likhet med produksjonar som "Stilt trør kvinner i sørgesong" med Margit Myhr. Den fyrste framføringa avslutta til ståande applaus og me gledar oss vilt til å bringe soga til Guro vidare til heile landet.

Under er eit kort sammendrag om aktørane og deira rolle i prosjektet.

Ring meg gjerne om de ynskjer å vite meir om forestillinga eller vil diskutere korleis forestillinga eventuelt kan tilpassas lokale behov. Om de for eksempel ikkje har anledning til visuelle effekter/ljos kan me tilrettelegge for ein meir nedstrippa versjon. Slå på tråden så kjem me nok fram til ei løysning.

Håpar på positiv respons!  
Me snakkast!

Venleg helsing

Ingebjørg Lognvik Reinholdt  
[ingebjorglognvik@gmail.com](mailto:ingebjorglognvik@gmail.com)  
tlf + 47 95 80 33 30  
[org.nr: 997 057 724](tel:997057724)  
[www.ingebjorg.no](http://www.ingebjorg.no)

Presseomtale:

<http://www.ingebjorg.no/wp-content/uploads/2011/09/Guro-omtale-VTB.pdf>  
<http://www.ingebjorg.no/wp-content/uploads/2011/09/TA-intervju-om-Guro.pdf>  
<http://www.pd.no/kultur/alvespeilet/breviksposten/ingebjorgs-inderlige-historie/s/5-40-14518>  
<http://www.pd.no/lokale-nyheter/kultur/kjarlighet-versus-rikdom/s/5-40-12961>

Om musikanane: <http://www.sarahjanejuhani.com>  
For meir lyd: <https://soundcloud.com/ingebj-rg-lognvik>

Om Jørund Telnes: [https://nbl.snl.no/Jørund\\_Telnes](https://nbl.snl.no/Jørund_Telnes) - I 2017 er det 125 år sidan diktaren døydde

## **Kort om aktørane:**

**Ingebjørg Lognvik Reinholdt (folkesong/tekstformidling)** - Ingebjørg er ein unik kvedar med djupe røter i Telemarkstradisjonen og eit hjarte for formidling av dei vakre historiane. Ho har vokst opp med ein sterk bygdevise- og forteljartradisjon i Seljord, og hatt læremeistarar som bl.a. Agnes Buen Garnås og Øyonn Groven Myhren. Den fyrste folkevisa ho lærde seg var nettopp om Guro Heddelid, ein karakter som røyrt den vesle kvedaren så mykje at Guro vart med ho, sjølv over 20 år etter. Ho har breid erfaring frå scenen, både i ulike musikalske sjangrar og som skodespelar. Ingebjørg har vunne B-klassa på landskappleiken to år på rad, og song seg slik opp i eliteklassa. Ho er utdanna folkemusikar frå Norges Musikkhøgskole og Høgskolen i Telemark, og gav hausten 2015 ut si første plate med duoen Fivil. Plata fekk strålende anmeldelsar, blant anna frå Klassekampens Kjetil Bjørgan som beskriv plata slik: «De lager perler av gamle travere, og snurrer velkjente strofer rundt stemmebåndene til musikken blir svimmel[ ... ]samtidig som de gjennom et teknisk overskudd og fantasifulle og kreative påfunn til enhver tid klarer å holde tak i meg som lytter. [ ... ] Det er kraftfullt, direkte og presist. Jeg setter meg stadig lenger ut på stolen for å lytte meg dypere inn i de luftige samklangene» <https://fivil.wordpress.com/omtaler/>)

## **Sarah Jane Summers (bratsj/skodespel)**

Med seg har ho Sarah Jane Summers på bratsj. Sarah Jane ein anerkjent skotsk felespelar, som har ein sterk tradisjon frå the Highlands. Ho komponerar eigne slåttar, og har gitt ut fleire kritikerroste album. Summers er aktuell med powerfelegruppa Rant og den kritikerroste duoen Summers/Silvola. I denne forestilinga spelar ho på fleire strenger og har rolla som friaren som slapp unna – spelemannen som Guro aldri gløynde.

## **Juhani Silvola (gitar/elektronikk)**

Hennar makker i Summers/Silvola, Juhani Silvola, trakterar gitar og elektronikk. Juhani er ein av få profilerte gitaristar i Noreg som jobbar med arrangert folkemusikk, og leverar ein særegen sound til alt han tek i. Juhani har medverka på eit tjugetals utgivelsar med bl.a. Highsakite, både som musikar, lydmann og produsent.

## **Morten Kvam (bass/vokal/skodespel)**

Morten Kvam på bass og vokal er ein av Noregs mest ettertrakta bassistar, og turnerar med store namn innan visepop- og folk/bluessjangeren som blant anna - Daniel Kvammen, Atlanter, Anne Lise Frøkedal. Morten er jazzutdanna, og har ein vid musikkbakgrunn som nettopp starta med folkemusikk. Og under det heile ligg ein humor og leikenhet som kjem ut både i sceneframferd, stemme og spel. Denna humoren har gjort at han har fått rolla som friaren som til slutt får Guro – til fortvilelse for dei andre friarane og til slutt au for Guro.

Morten, Juhani og Sarah Jane er også kjent som trioen Mala Fama(<https://www.facebook.com/malafamanorway/>)

### **Karina Opdal (kunstnarisk ansvarleg/regi)**

Karina er ein Bergensbasert skodespelar, songar og regissør. Ho har også utarbeida manus til bl.a. Mostraspelet og jubileumsforestillinga «En kjærlig hilsen» på Baroniet Rosendal, kor ho også var regissør. Eit ungt, friskt kunstnarisk auge, og erfaring frå både samtidig teater og musikk, og historiske spel, gjorde Karina til eit perfekt val som kunstnarleg ansvarleg. Saman med Ingebjørg gjorde ho soga til Guro om til ein folkemusikal som både traff og rørte eit moderne publikum.

### **Ida Andersson (ljøs/visuals)**

Ida jobbar til dagleg på Riksscenen, og har designa ljøs på mange av Riksscena sine største arrangement. Ho har erfaring som tekniker, produsent og ljøsdesigner på ei lang rekke festivalar, konsertar og danseforestillingar. I denne forestillinga har ho laga bakgrunnsteppe – grafikken som set stemningane, fungerer som aktmarkørar og som spelar på lag med dramatikken i Guros liv. Ida er ikkje med på turne, så ljøs og visuals blir tilpassa til scenen og ressursane som fins på konsertstaden.